



**Statens vegvesen**

Hordaland fylkeskommune –  
Samferdselsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlende enhet: Saksbehandler/telefon: Vår referanse: Deres referanse: Vår dato:  
Region vest Kaisa Tonheim Banne / 18/55756-5 07.11.2018  
55516273

---

## **Sak om delvis bompengefinansierings av Kvinnheradpakken – oversending til fylkeskommunal behandling**

Statens vegvesen sender med dette over fagleg grunnlag for bindande fylkeskommunalt vedtak om delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken. Grunnlaget er sendt til behandling i Kvinnherad kommune, og til Etne og Stord til uttale. Kvinnherad kommune slutta seg til det faglege grunnlaget i sak 74/2018.

Etter fylkeskommunal behandling vil vedtaka danna grunnlag for forslag til stortingsproposisjon som vert sendt over til Samferdselsdepartementet. Saka skal gjennom ekstern kvalitetssikring (KS2) før den kan leggjast fram for Stortinget.

Fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken med forslag til vedtakspunkt er her lagt ved. Vedlagt føl også utvida omtale av Kvinnheradpakken og prosjekta. Det faglege grunnlaget med vedlegg er utarbeida av Statens vegvesen i samarbeid med Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune. Det tilrådde alternativet for bompengeopplegg er bompengeinnkrevjing på ferjestrekningane:

- Årsnes– Gjermundshamn
- Varaldsøy – Årsnes
- Utåker – Skånevik
- Matre – Utåker
- Ranavik – Skjærsholmane

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
[firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Det er tilrådd å fatte lokalpolitisk vedtak om ei gjennomsnittleg inntekt per passering (gjennomsnittstakst) på 35–43 kr på ferjesambanda. Det er i dette brevet vist kva konsekvensar dette får for moglege takst- og rabattsystem på ferjesambanda.

Totalt vil Kvinnheradpakken utgjere 746 mill. kr. 307 mill. kr er skredsikringsmidlar, 199 mill. kr er fylkeskommunale midlar og 75 mill. kr i kommunale tilskot. Vedtak om gjennomsnittstakst på 35–43 kr vil sikre at bompengerbidraget til Kvinnheradpakken utgjer 165 mill. kr. Gjennom ekstern kvalitetssikring (KS2) vil ein avklare kva gjennomsnittstaksten skal verte innfor dette spennet.

Utbygging av fleire prosjekt vil kome i gang før ein får endeleg vedtak i Stortinget. For det første byggeprosjektet, Furebergfossen bru, er det koment inn tilbod frå entreprenør. Prosjektet skal gjennomførast som ei totalentreprise og byggestart er venta i mars 2019. Tilboden er om lag 12–15 mill. kr høgare enn kostnadsoverslag i denne pakken. Meirkostnadane må dekkast innfor kostnadsramma på 746 mill. kr for Kvinnheradpakken.

I det følgjande vil ein gå gjennom konsekvensane for faktiske bompengeretakstar. Som samanlikningsgrunnlag skildrar ein først dagens pågående bompengeinnkrevjing på ferjesambandet Årsnes – Gjermundshamn og for Halsnøysambandet.

### **Dagens ferjetakstar og bompengeordning på ferjesambandet Årsnes – Gjermundshamn og Halsnøysambandet**

Bompengeavgift på ferjesamband vert i dag rekna som påslag på ferjetaksten. Ferjetakstar og bompengeretakst vert rekna ut frå lengde på køyretøy. Bilistane betalar ferjebillett og bompengar over same billett. I dagens system betalar også passasjerar både ferjebillett og bompengar.

I dag har ferjesambandet Årsnes–Gjermundshamn eit bompengepåslag på 4 takstsoner etter Riksregulativet for ferjetakstar 2018. Tabellen under syner kva trafikantane betaler totalt før og etter rabatt.

Riksregulativ 2018 (bompengepåslag 4 takstsoner)

Gjermunshamn-Årsnes	Ferjebillett	Bompengogetakst	Totalpris	Totalpris med 50 pst. rabatt
EI - bil	53	14	67	33
B2 T.o.m 6 m	106	27	133	67
B3 6,01-7,0 m	260	64	324	162
B4 7,01-8,0 m	305	76	381	191
B5 8,01-10,0 m	398	89	487	244
B6 10,01-12,0 m	476	94	570	285
B7 12,01-14,0 m	560	104	664	332
B8 14,01-17,0 m	677	113	790	395
B9 17,01-19,0 m	772	113	885	443
B10 19,01-22 m	888	123	1011	506
MC	68	13	81	41
A1 Passasjer voksen	40	7	47	24
A2 Barn	20	4	24	12

Dei aller fleste ferjetrafikantane har i dag ferjekort og avtale med ferjeselskapet, og får difor 50 pst. rabatt både på ferje- og bompengogetaksten. Rapporterte tal frå ferjeselskapa syner at personbilar (kjøretøygruppe B2) har i gjennomsnitt 1 passasjer per bil. Dermed betalar kjøretøy under 6 m (B2) i snitt totalt 180 kr før rabatt og 90 kr med rabatt.

I Kvinnherad kommune er det i dag bompengeinnkrevjing for Halsnøysambandet i ein bomstasjon. I bomstasjonar er det to takstgrupper basert på vekt. Grunntaksten for Halsnøysambandet er dag 96 kr for takstgruppe 1 og 264 kr for takstgruppe 2. Kjøretøy i takstgruppe 1 kan få 20 pst. rabatt. Dette er ein vesentleg høgare bompengogetakst enn kva som vil leggjast på ferjestrekningane til finansiering av Kvinnheradpakken. Nedanfor går ein nærmare gjennom korleis bompengeinnkrevjinga er tenkt å verte for Kvinnheradpakken.

### Generelt om bompengeopplegg på ferjesamband

Statens vegvesen gjer merksam på at ferjeprising generelt skal endrast frå og med 2020 i Hordaland. Det er lagt til grunn AutoPASS-regulativ for ferjetakstar på alle fylkesvegsambanda i Hordaland i alle nye kontraktar.

Den store endringa når AutoPASS-regulativ for ferjetakstar vert innført, er at passasjerar ikkje lenger skal betale verken ferjebillett eller bompengar. Inntektene til ferjeselskapa skal vere dei same. Konsekvensen vert at ferjebillett (og bompengogetakst) for kjøretøy skal setjast opp.

Statens vegvesen gjer vidare merksam på at Samferdselsdepartementet har tinga ein gjennomgang av systemet for bompengeinnkrevjing på ferjesamband. Moglegheita for å etablere bompengeopplegg på ferje med færre takstgrupper vert no vurdert. Vegdirektoratet har bedt om at lokalpolitiske vedtak tek omsyn til dei moglege endringane som kan kome.

Dette for å sikre at ein ikkje gjer lokale vedtak som er i strid med endringane som kan kome. Difor legg det faglege grunnlaget følgjande bompengesystem til grunn:

- Bompengepåslag etter AutoPASS-regulativet (gjeldande system)
- To takstgrupper (tilsvarande takst- og rabattsysten som i bomstasjonar på land)
- Ein takstgruppe (lik takst for alle køyretøy)

Merk at fylkeskommunen ikkje kan velje eit av alternativa. Fylkeskommunen må tilpasse vedtaka slik at søknaden kan behandlast av Stortinget, uavhengig av kva bompengeordning som skal gjelde for ferjesamband i Norge.

#### *Bompengepåslag etter AutoPASS-regulativet*

Med ein gjennomsnittstakst på 35 –43 kr legg ein til grunn eit takstsonepåslag frå 6–7 takstsoner etter 2018-prisar etter AutoPASS-regulativet. Det vert i det faglege grunnlaget lagt til grunn at alle køyretøy får 50 pst. rabatt på bompengane med forskotsavtale og AutoPASS-ferjekort.

Tabellen under viser bompengepåslag på 6 takstsoner og totalpris før og etter rabatt.

AutoPASS-regulativ 2018 – Ferjeprisar og bompengepåslag 6 takstsoner				
Gjermundshamn/Varaldsøy – Årsnes, Skånevik – Utåker	Ferjebillett (Kr)	Bompengetakst (kr)	Totalbillett (kr)	Totalbillett med 50 pst. rabatt (kr)
El-bil	70	27	97	48
AP1 < 6 m	140	54	194	97
AP2 6,01–8 m	310	117	427	213
AP3 8,01–10	438	150	588	294
AP4 10,01–12,5	541	171	712	356
AP5 12,51–14,5	636	172	808	404
AP6 14,41 – 17,5	759	190	949	475
AP7 17,51–19,5	819	191	1010	505
AP8 19,51–22	906	193	1099	549
AP 9 >22 m	997	213	1210	605
Motorsykkel	58	15	73	37
Passasjer voksen				
Passasjer Barn				
Matre-Utåker	Ferjebillett (Kr)	Bompengetakst (kr)	Totalbillett (kr)	Totalbillett med 50 pst. rabatt (kr)
El-bil	59,5	27	86	43
AP1 < 6 m	119	54	173	86
AP2 6,01–8 m	266	117	383	191
AP3 8,01–10	384	146	530	265
AP4 10,01–12,5	481	161	642	321
AP5 12,51–14,5	564	183	747	374
AP6 14,41 – 17,5	688	190	878	439
AP7 17,51–19,5	741	190	931	466
AP8 19,51–22	831	193	1024	512
AP 9 >22 m	914	212	1126	563
Motorsykkel	53	15	68	34
Passasjer voksen				
Passasjer Barn				
Ranavik – Skjersholmane	Ferjebillett (Kr)	Bompengetakst (kr)	Totalbillett (kr)	Totalbillett med 50 pst. rabatt (kr)
El-bil	114,5	29	143	72
AP1 < 6 m	229	57	286	143
AP2 6,01–8 m	506	114	620	310
AP3 8,01–10	687	146	833	416
AP4 10,01–12,5	817	171	988	494
AP5 12,51–14,5	937	171	1108	554
AP6 14,41 – 17,5	1067	190	1257	629
AP7 17,51–19,5	1133	200	1333	667
AP8 19,51–22	1230	193	1423	711
AP 9 >22 m	1353	212	1565	782
Motorsykkel	83	14	97	49
Passasjer voksen				
Passasjer Barn				

\*Merk at berre nullutsleppskøyretøy under 6 m får bompengetakst. Nullutsleppskøyretøy over 6 m får ferjebillett tilsvarende halv takst av den køyretøygruppa dei høyrer til, men 0 kr i bompengeavgift.

Meininga er å ha lik bompengetakst på alle sambanda, uavhengig av takstsonene for ferjebilletten. Sidan prisane utviklar seg noko ulikt for dei enkelte takstsonene, vil bompengepåslag på køyretøygruppene variere opp til 8 kr mellom ferjestrekninga som har ulike takstsonar for ferjeprisar. For sambandet Ranavik-Skjersholmane, som er eit lengre samband, vert totalprisen 143 kr etter rabatt for takstgruppe AP1. Bompengane er då 28,5 kr. Ein ser og at i enkelte tilfelle kan bompengetakst verte lågare for takstgruppe AP 8 enn AP 7.

### *Bompengeavgift med to takstgrupper*

Det er rekna på to takstgrupper, der takstgruppe 1 består av køyretøy til og med 3500 kilo samt personbilar i køyretøykategori M1 i Autosys. Takstgruppe 2 består av køyretøy frå 3500 kilo med unnatak av personbiler i køyretøykategori M1. I tillegg er det lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy (til og med 3500 kilo) skal betale inntil halvparten av bompenegetaksten til takstgruppe 1 etter rabatt. Takst- og rabattsystemet følgjer føresetnadene i Prop. 1 S Tillegg 2/Inst. 13 S (2015–2016). Køyretøy i takstgruppe 1 får 20 pst. rabatt og køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.

Det er rekna på eit spenn for bompenegetakstar som i tabellen under. Takstgruppe 2 betalar 2 gonger taksten i takstgruppe 1.

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Generell bompenegetakst	39–45	78–90 kr
Bompenegetakst nullutsleppskøyretøy	15–18	0 kr

### *Bompengeavgift med ei takstgruppe*

Det er mogeleg at bompengordninga på ferjesamband vert endra av Stortinget, slik at alle køyretøy får den same bompenegetakst.

Dersom det ikkje vert lagt til grunn rabatt må ein ha ein bompenegetakst på 38–50 kr for alle køyretøy for å sikre ein gjennomsnittleg inntekt per passering på 35–43 kr. Då legg ein til grunn at nullutsleppskøyretøy skal betale inntil 50 pst. av bompenegetaksten.

Skal ein leggje til grunn at ferjekort og førehandsavtale med ferjeselskapet kan gje inntil 50 pst. i rabatt for alle køyretøy, må ein ha ein bompenegetakster mellom 67 og 83 kr for alle køyretøy.

### **Usikkerheit for handtering av bompengelån**

Hordaland fylkeskommune garantere for bompengelånet. I Kvinnheradpakken legg ein til grunn ei ramme på 165 mill. kr i bompengebidraget. Det er lagt opp til at ein kan trygge bompengelånet ved at ein kan auke gjennomsnittstaksten med inntil 20. pst og forlengje lånet med 5 år. Dersom ein ikkje får ha denne moglegheita i Kvinnheradpakken, må ein vurdere storleiken på bompengebidraget etter at innkrevjinga har starta opp.

Det er lagt til grunn eit spenn for gjennomsnittstakst. Gjennom ekstern kvalitetssikring (KS2) av pakken vil ein lande på ein gjennomsnittstakst innanfor spennet som gjer nedbetalingsplanen.

Det er lagt til grunn 5,5 pst renter dei første 10 åra og 6,5 pst dei neste åra i berekningar av bompengelånet. Det er eit krav frå Samferdselsdepartementet om å legje til grunn slike renter for å ha ein trygghet for nedbetalingsplanen. Det er i tillegg er det lagt til grunn om lag 18 pst. lågare trafikk enn rapporterte trafikktal frå 2017. Erfaringar syner at ferjetrafikk i liten grad er påverka av auka ferjeprisar og bompengar. Ein ventar heller ikkje at innføringa av AutoPASS-regulativet vil påverke trafikken i vesentleg grad. Det er etter Region vest syn fornuftig å rekne på robuste føresetnader, sett i lys av at det er usikkert om ein får moglegheit for å auke gjennomsnittstaksten med 20 pst. og forlengje innkrevjingsperioden med 5 år.

Dersom inntektene vert høgare enn føresett og/eller rentene vert lågare, vil ein enten ta ned bompengetakst eller korte ned nedbetalingstida. Det vert ikkje gitt rom for å auke bompengebidraget.

#### **Vurdering av andre bompengeopplegg enn innkrevjing på ferjesamband**

Statens vegvesen har utgreia andre moglege bompengeopplegg i Kvinnherad med innkrevjing i bomstasjonar på fylkesvegnettet. Bomstasjonar på fylkesvegnettet vil i større grad sikre at nyttoperspektivet er i varetatt, ved at fleire av dei som får nytte av prosjekta er med og betalar. Med innkrevjing på ferjesambanda vil dei som betalar få nytte av prosjekta. Men det vil vere ein del trafikantar som får nytte som ikkje er med å betalar med mindre dei også tek ferje.

Det er rekna på 2, 3 og 5 bomstasjonar, der eit bompengeopplegg med 5 stasjonar best ivareta nyttoperspektivet. For bompengeopplegg med færre bomstasjonar vil ein møte same utfordring med at mange vil få nytte utan å være med å betale.

Trafikkgrunnlaget vil vere høgare enn ved innkrevjing på ferje. Fleire vil vere med å betale. Det er likevel konkludert med at innkrevjing på ferjesambanda er meir rasjonelt enn innkrevjing i bomstasjonar på land. Etablering og drift av bomstasjonar er vesentleg meir kostbart enn innkrevjing på ferje. Innkjeving i ein bomstasjon kostar i dag mellom 50–60 mill. kr over 15 år. Dermed varierer innkrevjingskostnadane frå om lag 120 til 300 mill. kr i dei ulike bompengeopplegga det er rekna på. Årsaka er at automatisk innkrevjing i bomstasjonar vil medføre høgare fakturakostnadar for bompengeselskapet. I tillegg kjem det kostnadar til investering, drift og vedlikehald av stasjonane, som ein må finansiere med bompengane.

Til samanlikning reknar ein med at innkrevjing på alle ferjestrekningane vil koste om lag 8 mill. kr i løpet av 15 år. Dette fordi det ikkje kostar ferjeoperatørane mykje å krevje inn bompengeavgift over den same billetten som ferjetaksten, for å i etterkant skilje ut inntektene frå bompengeavgifta.

I rekneeksempel med bomstasjonsopplegg på fylkesvegane får ein at mellom 60 og 70 pst. av bompengerinntektene må gå til finansieringskostnadane. Skal ein oppnå ein meir rasjonell innkrevjing der over 50 pst. av inntektene skal gå til vegbygging, må ein ha vesentleg høgare grunntakstar etter rabatt enn på ferjesambanda.

Med hilsen

Tone Margrethe Oppedal  
Leiar Styring og strategistab Region vest

Kaisa Tonheim Banne  
Seniørrådgjevar

*Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.*

Kopi  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN